



# Lærdal kommune

## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
104/15	Formannskapet	09.06.2015

Sakshandsamar: Jorunn Hatlevoll	Arkiv:	Arkivsaksnr. 15/525 - 1
---------------------------------	--------	-------------------------

### Forslag om endring av rutinar for møtehandsaming

#### Kort samandrag:

Det er ønske om å endre rutinar for den politiske møtehandsaminga. Godkjenning av møteprotokoll i møtet vil sikre at vedtaka er gyldige og kan offentleggjerast rett etter møtet.

#### Rådmannen si tilråding:

Møteprotokoll vert godkjent i eiga sak på slutten av møtet og signert av ordførar.

### 09.06.2015 Formannskapet

#### Røysting:

Tilråding frå rådmann vart samrøystes vedteken

### FS-104/15 Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjent i eiga sak på slutten av møtet og signert av ordførar.

#### Vedlegg:

Møtereglement

**Saksutgreiing:**

Det er eit ønskje om å endre rutinar for den politiske møtehandsaminga. I dag vert det laga ei møtebok i etterkant av møte. Møteboka vert så skriven under av tre politiske representantar. Det kan ofte ta litt tid før alle politikarane har signert. Det vert no lagt til rette for at ein kan føre vedtaka inn i ein møteprotokoll, som så blir godkjent i eiga sak på slutten av møtet. Dette vil sikre at vedtaka vert gyldige med ein gong. Det er ønskje om at protokollen blir signert elektronisk, men denne tenesta er enno ikkje tilgjengeleg. Inntil dette er på plass blir protokollen signert av ordføraren.